

Nettariffar 2014, medrekna avgifter

Gjeld frå 01.01.14

Kundegruppe	Tarifftype	Fast beløp kr inkl alle avgifter	Energiledd øre/kWh inkl. alle avgifter	Effektledd kr/kW inkl. MVA	Diverse: (forbruksavgift)
Hushaldning	H4/S1	2625	41,95		
Hushaldning > 40.000 kWh/år > 25 kW	H4S	3606	41,90		
Liten næring	N1	3875	41,95		
Næring > 40.000kWh/år > 25 kW	N1S	4856	39,68 (høg sats) 25,72 (red. sats)		(12,39 nto) (0,45 nto)
Storkundar*	T3.1	18750	30,97 (høg sats) 16,05 (red. sats)	625	(12,39 nto) (0,45 nto)
Hytter < 40.000 kWh < 25 kW	H4.1	3875	55,49		
Vegljos	V1/V1S	3891/4606	41,95/41,90		
Byggestraum	S2	4500	49,23		Skapleige:kr.375/mnd
Innmating/ produksjon	P1	0,012/kWh (nto)	Tapsprosenten blir rekna ut for kvart anlegg		

Byggestraum/til- og fråkopling av anlegg:

Oppsett/nedtak kr. 2000 + MVA

Tilknytingsavgift/anleggsbidrag:

Tilknytingsavgifta for nye anlegg er kr. 10.000. + mva. For kostnader utover dette vert å betale anleggsbidrag.

Vedteke i tariffane:

Nettariffar gjeld for transport av kraft i nettet frå produsent til kunden.

Krafttap i nettet er teke med i tariffane. Leige av målar er òg medteke.

Tariffen føreset **seks årlege avlesingar for hushald og næring**, med sjølvavlesing for desse.

*Uttak av reaktiv effekt etter eigen tariff.

Oppseiingstid: Dersom ikkje anna er avtalt gjeld normalt 14 dagar oppseiingstid på transport av kraft.


For mykje innbetalt nettleige og straum

Vi har sett ei grense for utbetaling av for mykje innbetalt nettleige og straum på kr.500,- for aktive kundar.

Beløp under kr.500,- vil bli ståande som tilgode på reskontro og trukke frå på neste rekning til kunden.

Kundar med sluttrekning vil få utbetalt evt. tilgodebeløp under kr.500. Vi oppfordrar kundane våre til å sende oss kontonr dei ynskjer evt. tilgodebeløp skal overførast til då «direkte utbetalingskort» med fører store gebyr både for kunde og elverket

Forbruksavgift til staten er auka med 0,97 øre/kWh inkl mva frå 01.01.2014.



VILKÅR I TARIFFANE.

Tariff H4/S1:

- **H4** er den vanlege hushaldtariffen.
- Tariffen blir nytta for eit enkelt hushald eller anlegg med mogleg uttak opp til 25 kW og/eller forbruk opp til 40.000 kWh.
- Leiligheiter, hyblar og liknande mindre enkle anlegg kjem inn under denne tariffen dersom dei ikkje vert målt saman med bustad/huseigar.
- **S1** er ein særtariff for fristraumkundar og er i utgangspunktet lik H4.

Tariff H4.1:

- Tariffen er ein rein hyttetariff og gjeld for fritidsbustader der kunden ikkje er fastbuande.
- For større uttak gjeld vilkår som for H4S-tariffen.

Tariff N1:

- **N1** blir nytta for mindre næringsverksemd og har i utgangspunktet same vilkår som H4.
- Som mindre næringsverksemd blir rekna forretningar, verkstader, gardsbruk og liknande anlegg.

Generelt:

- For desse tariffane gjeld at når forbruket kjem over 40.000 kWh/år vel kundesystemet automatisk tariff N1S/H4S.
- Maks uttak på 25 kW
- 415 V blir levert i enkelte område

Tariff N1S/H4S:

- **N1S/H4S** blir brukt for tilsvarande anlegg som N1/H4, men for større uttak og forbruk.
- **N1S/H4S** gjeld frå mogleg uttak på 25 kW og høgare og/eller forbruk over 40.000 kWh/år.
- Max-grense blir 90 kW og 400.000 kWh/år.

Tariff T3.1 – Storkundar:

- Uttaksgrenser blir sett etter tinging og nærare avtale.
- For tariffar med maks-måling gjeld høgaste målte verdi i ein av månadane frå og med november til og med mars.
- For tariffane gjeld i utgangspunktet 230V spenning.
Inntak, inntakssikring, overlastvern er definert som sikringar/vern framføre målaren.
- I særlege tilfelle og område kan 415V bli levert på førespurnad til næringsverksemd.

Tariff S2 – Byggestraum:

- Elverket leiger ut byggestraumskap så langt det er ledige skap på lager.
- Byggestraumskap er provisoriske/midlertidige anlegg og gjeld bare for korte tider medan bygging/omlegging pågår.
- Maks grense for utleige er i utgangspunktet 6 mnd.
- Utbyggjar må skaffe stativ eller liknande til byggestraumskapet i samråd med elverket.
Sjå meny byggestraum på heimesida.